

## Invitasjon

Olje- og energidepartementet, i samarbeid med Kommunal- og regionaldepartementet og Troms fylkeskommune, har gleda av å invitere næringsliv, utdanningsinstitusjonar og offentleg verksemd til dialogmøte om ringverknader av petroleumsverksemda.

**Stad:** Hotell Scandic Tromsø


**Dato:** 18. oktober 2007

**Tidspunkt:** 10.30 – 17.30

Under konferansen Petro 2007 inviterte statsråd Odd Roger Enoksen til eit aktivt samarbeid med regionale styresmakter og næringsliv i nord for å øke ringverknadene av petroleumsaktiviteten. At petroleumsverksemda gjev ringverknader lokalt og regionalt er viktig. Det krev at ikkje berre oljeselskapa, men også styresmaktene bidreg. Utdanningsinstitusjonane spelar også ei rolle i dette, og ikkje minst krev det at leverandørbedrifter grip moglegheitene. Petroleumsverksemda kan bidra til verdiskaping både for lokal industri, lokalsamfunnet og for nasjonen.

Styresmakter, oljeselskap, leverandørbedrifter og lokale utdanningsinstitusjonar vil innleie til diskusjon rundt dette temaet. Målet er å kaste lys over handlingsrommet som finnst for å skape ringverknader, men også kor grensene går for kva ein kan få til. Vi håpar på stort engasjement og konstruktive innspel både frå innleiarar og møtedeltakarar.

Med helsing



Åslaug Haga

Olje- og energiminister

Påmelding innan 10. oktober 2007 til Kristin Myskja, Olje- og energidepartementet  
epost: [km@oed.dep.no](mailto:km@oed.dep.no). Deltaking på dialogmøtet er gratis. Maksimalt tal på deltakarar er 150. Vi registrerer ettersom påmeldingane kjem inn.

## Program – dialogmøte i Tromsø

	<b>Bolk 1 – innleiing</b>	
10.30	Velkommen	Fylkesråd for næring
10.40	Olje- og energidepartementet sitt perspektiv	Statssekretær i OED
10.55	Kommunal- og regionaldepartementet sitt perspektiv	Statssekretær i KRD
11.10	Diskusjon	
11.30	Pause	
	<b>Bolk 2 – erfaringar</b>	
12.10	Erfaringa frå Snøhvit – kva har vi lært?	Statoil v/Bjørn Fossan
12.30	Læring frå Ormen Lange	Aker Kværner v/Jan Tore Elverhaug
12.50	Kva er mogleg for eit lite selskap i nord?	H. Sjøgren og sønner as v/Nils Roger Simensen
13.10	Diskusjon	
13.30	Lunsj	
	<b>Bolk 3 – framtidige ringverknader</b>	
14.30	Ringverknader – kva veit vi?	
14:45	Kva kan industriinkubatoren i Nordland og Troms bidra med?	Kunnskapsparken i Harstad v/Trond Slettbakk
15:05	Perspektivet frå nord	Discover Petroleum v/Yngve Vassmyr
15:25	Pause	
15:40	Kva kan universitetet bidra med i framtida?	Universitetet i Tromsø v/Tore O. Vorren
16:00	Goliat – kva er mogleg?	ENI v/Arild Glæserud
16:20	Diskusjon og oppsummering	
17:30	Slutt	